

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**
nasjonalparkstyre

Møtested: Luster/e-postbehandling

Dato: 07.03.2013

Tidspunkt:

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 3/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 4/2013	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - utviding av dispensasjon til kjentmannskjøring 2013 - Sogn og Fjordane Røde Kors hjelpekorps og Norsk Folkehjelp Årdal		2013/955

Arkivsaksnr: 2013/955-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 07.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	4/2013	07.03.2013

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - utviding av dispensasjon til kjentmannskjøring 2013 - Sogn og Fjordane Røde Kors hjelpekorps og Norsk Folkehjelp Årdal

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til å utvide kjentmannskjøring for Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane og Norsk Folkehjelp Årdal i 2013. Utvidinga gjeld kartlegging av radiosambandsdekning og øvingselement knytt til søk langs kjentmannskjøringstrase.

Vilkår:

- Tal turar, tal snøskuterar og trase er styrt av løyve til kjentmannskjøring (sak 06/2013).
- Ekstra motorferdsel knytt til utprøving av framskoten radiolink skal haldast til eit minimum og vere knytt til området Keisaren – Guridalsnosi.
- Det skal visast generell omsyn til andre interesser og naturverdiar i området.
- Statens naturoppsyn skal styre skuterkøringa gjennom Helgedalen, aller helst gjennom deltaking, for å minimere forstyrringa av villreinen.
- Ei kort oppsummering av øvinga skal sendast til nasjonalparkforvaltar innan 01. juli 2013.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad med skildring av øving 22.02.2013, frå Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane. Denne søknaden er justert basert på kommunikasjon mellom nasjonalparkforvaltar og søkjar.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Bakgrunn for søknaden

Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane og Norsk Folkehjelp Årdal fekk i sak 06/2013 datert 15.02.2013 løyve til 2 kjentmannsturar med inntil 3 snøskuterar på nokre utvalde strekningar. I mangel av prosess med ein øvingsplan for 2013, har nye behov kome fram i etterkant. Dei nye behova er knytt til kommunikasjon under aksjon og koordinering av ulike ressursar. Den omsøkte øvinga er justert i forhold til den første omsøkte for å legge seg mest mogleg opp til eksisterande løyve. Blant anna er ikkje hjelpekorpsset i Lom involvert.

Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane og Norsk Folkehjelp Årdal ønskjer å prøve ut radiosamband samstundes med kjentmannskøyring og samtidig legge inn øvingselement knytt til organisering av søk saman med politiet og SNO.

Det er sett opp ein ny radiosendar ved Nosafjellet, nordvest for Turtagrø, utanfor verneområdet. Denne har rekkevidde blant anna nord- og austover inn i verneområdet og dei vil nå kartlegge rekkevidda. Området bak fjella som t.d. Storutladalen er vanskeleg radiomessig. Dei vil samtidig teste ut rekkevidda med ein framskoten radiolink i området Keisaren – Guridalsnosi. Koordinering med Folkehjelpen i Årdal gjer at dei kan også kan teste rekkevidda nedover Storutladalen og lenger austover. Dette er først og fremst viktig å kartlegge for å sikre mannskap som skal sendast ut på aksjon. For å finne ein eigna plass for ein radiolink, må hjelpekorpsset avvike frå kjentmannsrutetraseen og ta seg opp i høgda.

I tillegg ønskjer søkjar å legge inn øvingselement i kjentmannskøyringa for å øve både mannskap og samordning med politi og SNO. Øvinga er planlagt til komande helg, 10.mars

Heimel

Etter «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snø scooter i utmark og i verneområde» datert 31.01.2013 skal søknad om øving i verneområde behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Vurdering

Forvaltningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere søknadane etter første alternativ, «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».

Formålet er definert i verneforskriftene:

Jotunheimen nasjonalpark § 2:

«Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»

Utladalen landskapsvernområde pkt. III:

«Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.»

Friluftsliv er eit verneformål med begge verneområda og den førebyggjande redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Den frivillige delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. I tillegg til å gjere seg kjent i området, har dei behov for å kartlegge radiodekning for både å kunne gjennomføre redningsaksjoner effektivt og for å sikre eigne mannskap. Det er viktig at dei får prøvd ut dette før påska i år. At politiet stiller med mannskap viser viktigheita av øvinga.

Generell øvingsaktivitet skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta er til ei viss grad avhengig av å gjere seg kjent i verneområde med snøskuter og kjenne forholda for radiokommunikasjon. Utprøving av dekningsgraden for radio må gjerast i området kor hjelpekorpsa skal operere.

I det gjeldande løyve har Røde Kors Hjelpekorps Sogn og Fjordane og Norsk Folkehjelp Årdal fått løyve til å gjennomføre motorferdsla langs dei vanlegaste traseane. Dei står også fritt til å disponere desse når dei har best utbytta av dei. Koordinering av fleire korps samtidig vil gje ei samøvings- og koordineringseffekt av denne køyringa. Øvingselement med søk etter sakna person lags desse traseane vil gje korpsa enda meir utbytte av køyringa. Det er også positivt at politiet og SNO vert involvert for å øve saman med korpsa.

Ruta mot Keisaren og Turtagrø er den einaste kvista løypa vestover frå Skogadalsbøen. Her er ein del turgåarar, særleg i påska, og dermed behov for redningsteneste. Det står samtidig villrein i denne delen av verneområdet som kan bli forstyrra. I området er det forstyrningar for villreinen, men denne øvinga vil gje liten ekstra forstyrning. Effekten av motorferdsla er heilt avhengig av korleis køyring vert konkret vert gjennomført på plassen. Deltaking av SNO på øvinga vil gjere det mogleg å ta konkrete vurderingar på staden og hindre unødig forstyrning av villreinen.

Dette behovet for øving skulle vore handsama saman med søknadane om kjentmannskøyning, men planlegginga for sesongen 2013 har vore spesiell på grunn av nye retningslinjer som var under utarbeiding. Behovet for denne type kartlegging vert

forventa sett inn i ein større samanheng og system gjennom utarbeiding av øvingsplanar fram i tid. Det vert forventa at hjelpekorpsa saman med politiet startar behovskartlegginga tidleg og gjerne gjennom denne øvinga.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald og bruk av området er bra. Snøskuteraktivitet kan påverke naturverdiar gjennom forstyrring og støy, men denne påverknaden vil vere midlertidig. Den ekstra køyring i samband med utprøving av framskoten radiolink og øvingselement er avgrensa.

§ 9 Føre-var prinsippet: Sjølv om det er ferdsel langs planlagt trase, kan det gå villrein i nærområdet. Gjennom at SNO deltek på øvinga, vil dei kunne avgrense forstyrring av villreinen til eit minimum.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Dette er ei mindre utviding av løyve som er gjevne. Den samla motorferdsla i verneområdet vil bli større om dei skal gjere dette som eit eige tiltak og ikkje knyte det opp mot anna aktivitet. Det held dermed den samla motorferdsla til eit minimum.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Er ikkje relevant for denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Er ikkje relevant for denne saka.